

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 20.01.2010
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakhandsamar: Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Bruk av korridor plassar i Helse Stavanger**

Arkivsak

2008/408

Styresak 003/10 O

Administrerende direktør si orientering pkt 1

Styremøte 03.02. 2010

Bruk av korridor plassar innan somatikk i Helse Stavanger har hausten 2009 og fram til årsskiftet, med noko variasjon, låge om lag på same nivå, dvs omkring 20 plassar i snitt pr veke.

Situasjonen har endra seg radikalt i veke 1 og 2 i 2010. Bruken av korridor plassar er dobla til mellom 40 og 45 i desse to vekene. Det heng truleg saman med sterkt press på sjukehuset i desse vekene med m.a. mange skadar. Det er likevel ikkje akseptabelt for pasientane og Helse Stavanger må ta naudsynte grep for å redusera bruken av korridor plassar i tråd med dei måla som er sett.

Dette har også påverka talet på "uteliggjarar", dvs pasientar som må leggest på andre einingar.

Helse Stavanger har også brukt 1 til 2 korridor plassar innan psykisk helsevern dei siste 2 månadane. Det er ikkje i tråd med krav som er stilt.

Hotellbelegget var lågt dei siste vekene før årsskiftet. I veke 1 og 2 har der vore høvesvis 47 og 49 pasientar på pasienthotellet. Arbeidet med å auke bruken må halde fram.

I veke 2 var det i snitt 18 pasientar som hadde venta meir enn 10 dagar på kommunalt tilbod innan somatikk og 13 pasientar innan psykisk helsevern.